

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke : Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag : Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Ja. -- Ja, ekker (gammel ~~SYÅ~~ ekker, ny-ekker, grop-ekker). ~~KAMMEL-EKKE-X OG X GROPP-EKKER~~ Grop-ekker og ny-ekker er er ekra første året etter gjenlegg. Tjukeng, fraudeng, småeng, skrinneng, skrapslått. Graphøy, småhøy.

Som nemning på utslått: utslått, fjellslått.

Skrapslått. Veit ikkje om stuttorv er brukt her.

2. Alt eng vart reinska etter våronna (i håbålla), etter våreitinga. Den større rydjinga måtte vel helst gå for seg på ei anna tid, t.d. i samband med lauvringa. Seskilt namn på desse avfallsdungane veit eg ikkje, viss dei da ikkje hadde same namnet som dei tilsvarende dungane på nyland: ratval (tjukk l). Trulig brende dei desse. Om dei spreidde oska utover til gjødsel høreg ikkje høyrt, men fonn det trulig. Under reinskkinga om våren spreidde dei utover den gjødsla som att etter krøtera, med river. Ellest gjødsla dei over moseeng og dårlig eng ellest også på den måten at dei hadde kruer som dei hadde småfeet i om natta, og desse flytta dei etter kvart. Her trur eg dei gjorde lite for å rydde bort stein frå eng som dei ikkje skulle bruke til åker.

3. Sjå under 2. Dei brukte tildels å samle høyfrø på lemmen og så i åker som dei skulle leggje igjen til eng, men eg veit ikkje om det var vanlig. Veit ikkje om at det på annan måte vart avla grasfrø heime eller kjøpt grasfrø til betring av enget.

4. Trur det vart lite gjort i så måte. -- Har aldri høyrt det har vori brukt vatning av eng.

5. Den **frauden** som ikkje vart brukt til åkeren, vart nok brukt på enget, på vollen, som dei sa. Ved overgangen til den nyare jordbruksstida, sånn i 1880-åra, hørde eg her sterkt kritisert at frauden vart brukt på den måten. Dei syntest det var uøkonomisk. Sia har igjen den oppfatninga snud seg. Kor stor part av vintergjødsla som vartnytt på eng, har eg aldri høyrt noko om. Så langt att som eg minst, vart husdyrgjødsel lite brukt til eng, og da var detvel heles sommarfraud som vartbrukt til det,

2.

og av dei som folk syntest låg lengst attende i jordbruk, så det må nok ha vori i bruk frå gammalt. Tida dei skulle spreide dene gjødsla, var helst om hausten, men det vart også gjort om våren. Om det var serskilte gjødselslag til slik bruk, har eg ikkje høyrt noko om, heller ikkje om mengda på arealet.

6. Kan hende nytta dei namnet fraudeng, det vart iallfall brukt om eng som låg slik til at **dét** hadde tilsig frå gjødselplassen. Andre namn kjenner eg ikkje. For frå riktig fraudig eng vart og tildels kalla fraudfor.
7. Det var nok ålmənt å sette uthusa slik at eit visst jordstykke skulle få fraudsiget (frausie). Ein slapp da foreta noko anna dyrking her. Noko meir under dette punktet kjenner eg ikkje til, men eg finn det sjølvsagt at slike omsyn som nemnt, vart teki. Dei breide reinene nedafor dei gamle åkrane skulle tyde på det.
8. Sjå framfor. -- Dei brukte nok same reidskapen. Vanligste handreidskapen var nok ei tre-rokko. På somme gårdar var dei så langt framme at dei hadde greip som var laga av ein bjørktopp med 3 spirer, og desse hadde jarnskoning på spissane, eller dei hadde andre greip heimegjorde av tre eller smidde av jarn og likna våre gallar. Men på mange gårdar hadde dei berre tre-rokko. Eg minnest folk på alder med mine forelder som snakka om kor tungt dei syntes det var å arbeide med denne trerokko, og kor gildt dei syntes det var å få i handa eit greip som dei nemnde. Dette var nok reidskapane dei hadde når dei skulle lesse og breide frauden. Dei kørerde han nok helst ut på ein kjermesleda. -- Det var nok helst i tida 1850 - 70 at ein her gjekk over til nyare typer reidskap og nyare arbeidemetodar.
9. Ja. Årsaken var nok helst skorten på for. Men dei hadde også den trua at enget vart tettare og finare når det vart beitt. Her vart nok i gammaltid inkje engstykke spara for beiting korkje haust eller vår.
10. Vårbeiting er no ålmənt avlagt, og berre unntak. Men ei rimelig haustbeiting blir enno brukt, slik at eitt- og to-års ekrar helst blir spara.
11. Her gjekk dei med ei rive og slo gjødsla utover. Annan reidskap og omgangsmåte kjenner eg ikkje.
12. I sommarfjøs eller i kruer. Har ikkje her noko døme på sommarfjøs oppsett ved utslått, men her i bygda er ikkje høva slik at det har tilliggi gårdane noko større utslåttar. Sætervollane vart som oftast slegi. Gjødsla her vart spreidd utover vollen. Men om det var nokon regel for når det skulle gjerast, veit eg ikkje.
13. Småfeet vart gjerne stengde inne i kruer, som var laga av grinder og kunne flyttast. Sjå framfor. Eg veit inkje døme på at dei hadde kyr i slike kruer, men det kan ha vori brukt for det.
14. Veit ikkje nokon som no bruker slike kruer. Eg kjenner heller ikkje noko namn som er omspurd under dette avsnittet.
15. Eg høyrde som smågut at dei festa skarpslipa ljåar

til fjøsdøra til verje mot bjørnen. Det er trulig dei brukte liknande midlar ved kruene (1jåar, økser eller annan kvass reidskap, dei trudde bjørnen var redd slikt). Noko anna ráder har eg ikkje høyrt om.

16. Dette kjenner eg inkje til.
17. Heller ikkje
18. Ikkje det eg veit.
19. Kru og trø(d). Kru er ei inngjerding av grinder som flyttast. Ei trø er her også ei inngjerding, men større enn ei kru, og med fast gjerde. Ei kone fekk lov hos ein husmann til å la kua si beite på plassen til husmannen, men ho måtte og spørre gårdmannen, og han svara: "Dokk må no itj krubheit da." Dei brukte kanskje kruer også for beiting og samstundes gjødsling. Ein av gårdane på Fossland kallest av naboane i daglig tale Trøa. Desse andre nemnde orda er ikkje i bruk i bygdemålet her.
20. Sætervollen var ofte inngjerda og vart slegi. Har ikkje høyrt anna namn enn sætervollen. Slåtten der er det lenge sia slutt med, og mest alle sætrar nedlagt. Om gjødsling: sjå frammafor.
21. Enget vart når det var høve til det, gjødsla med fiskavfall og tang. Ved sildsteng kunne det i gamal tid bli masser av småsild som ikkje vart seld. Det vart da gjødsel. Såvidt eg veit breidde dei silda utover enget eller la ho i kompost saman med jord og køynde og breiddé utover sia når massen hadde rotna ihop. I siste tilfelle brukte dei vel helst denne gjødsla på åkeren. Skulle dei nytte tang på eng, fall det jo av seg sjølv at dei måtte breie det utover. Det vart no berre ein og annan gongen det vart høve til å gjødsle med fiskavfall, så eg trur ikkje det er stort å rekne med. (Eg hugsar folk som hadde lite om gjødsel, brukte torskhouvd å gjødsle poteten med.)
Før resten: med omsyn til engbruk vart det nok her mest berre drivi haustingsbruk i gamle dagar.

2507

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nord. Trondel.

Ollerøy

NORSK ETNO OGISK GRANNTING
ADR. NORST FOLKEUNISERI
BYGDØY


2506
2506
2506

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over sksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjänner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruks fiskebein og fiskehovud til brensel? Nei.

Har ein brukta kumøkk til brensel? Nei, ikkje her, men det kan godt komma av at her er meste au anna brensel. Eg minner best alltid at eg har hørt nemnt om slik brukt au kumøkka.

Tusd. am 27/12 - 1948

Johs. Løkke